

Det æ 'kji so lett å gjera eit valg når alt æ på salg

Dialektundersøking

Mål: Elevane skal kjenne til utbreiinga av hallingmålet i nærmiljøet. Dei skal vita noko om korleis hallingmålet har utvikla seg dei siste 80 åra. Elevane skal bevisstgjerast at det å ta vare på ein dialekt, betyr at ein må bruke han.

Læraren kan gjerne innleie med å bevisstgjera elevane kvar dei er i høve setningane nedanfor:

Frå born/ungdom som er vakse opp i Hallingdal kan ein i dag høre same spørjesetningen sagt på fleire måtar:

- A. Koma dei heim att or fjellè sundags morgen? (eldste dialekt i bruk)
- B. Kjem dei heim att frå fjellet sundags morgen? (samsvar med nynorsk skriftnormal)
- C. Kommer de hjem igjen fra fjellet søndags morgen? (bokmål)

Korleis står det til i gruppa? Kor mange av elevane i gruppa pratar slik som i setning A? Kva med setning B og C?

Her blir elevane bevisstgjort og forhåpentleg nysgjerrige på korleis det står til med dialektbruken blant elevane på skulen. Det vil vere ein motivasjon for det vidare arbeidet.

Elevane kan gjere ulike undersøkingar i samband med hallingmålet. Dei kan sjølve finne interessante problemstillingar og aktuelle intervjuobjekt. Arbeids- og framføringsmetodar er opp til elevane.

Nokre døme:

1. Utbreiing av dialektbruk blant elevane på skulen

A) Elevane lagar til spørjeskjema med ulike spørsmål dei ynskjer svar på.

Døme på spørsmål til ei kvantitativ undersøking:

- Kor mange av elevane på skulen pratar halling? (Bruk av personlege pronomener (me, e, osv.), ikkji, tjukk / (f) av både I og rd, kløyvd infinitiv, trykk på første eller siste stavning osv.)
- Kva dialekt pratar foreldra til elevane?
- Kva synest elevane om hallingdialekten?
- Kan det hende elevar som ikkje pratar halling, kunne tenkje seg å byrje med det?
- Kor mange vaksne på skulen pratar halling? (Dei tilsette på skulen kan få det same spørjeskjemaet, eller ein litt annan variant.)

Spørjeskjemaet kan t.d. sjå slik ut:

1. Eg uttalar ordet **eg** slik: e
 jei
 annan uttale

2. Eg uttalar ordet **me/vi** slik: me
 vi
 annan uttale

3. Eg uttalar ordet **bord** slik: boꝝ (med tjukk /)
(krev ei nærmere forklaring munnleg for dei yngste elevane) bor
 annan uttale

Osv.

4. Pratar foreldra dine halling? ein
 begge
 ingen

5. Synest du hallingdialekten er fin? ja
 nei

6. Viss du ikkje pratar hallingdialekt:
Har du lyst til å prøve å prate halling? ja
 nei

Osv.

Slike spørsmål kan ein gjerne leggje ut på It's learning, slik at alle elevane på skulen svarar der. Elevane samlar så inn svara, set dei i system og lagar oversikt over resultatet. Excel er eit godt hjelpemiddel her:


Spørsmåla lagt inn i Excel:

Spørsmål:	Svaralternativ:	Talet på elevar:
1. Eg uttalar ordet eg slik:	e jei annan uttale	7 213 4
2. Eg uttalar ordet me/vi slik:	me vi annan uttale	7 212 5


3. Eg uttalar ordet oss slik:	uss	6
	åss	212
	annan uttale	6
4. Pratar foreldra dine halling?	ein	176
	begge	23
	ingen	25
5. Synest du hallingdialekta er fin?	ja	200
	nei	24
6. Viss du ikkje pratar hallingdialekt: Har du lyst til å prøve å prate halling?	ja	175
	nei	49

Etter vidare arbeid kan det til dømes presenterast ved hjelp av sektordiagram i Excel, og/eller gjerne setjast inn i PowerPoint:


1. Eg uttalar ordet **eg** slik:



2. Eg uttalar ordet **me/vi** slik:




3. Eg uttalar ordet **oss** slik:




■ uss ■ åss ■ annan uttale

4. Pratar foreldra dine halling?



■ ein ■ begge ■ ingen


5. Synest du hallingdialekta er fin?



■ ja ■ nei


6. Viss du ikkje pratar halling:

Har du lyst til å prøve å
prate halling?



[■ ja ■ nei]

B) Elevane kan utføre ei kvalitativ spørjeundersøking, der dei intervjuar og eventuelt tek bilete av personar. Resultatet kan dei publisere på skulen, som veggavis, i It's learning eller i skuleavis. Dei kan lage "halling"-avis eller "dialekt"-avis, der dei presenterer denne undersøkinga som ein del i avis, saman med andre tema (hallingnytt, hallingsmusikk, hallingsport, 5 ette vegji, 5 på Tingstugu'n, teikneseriar på halling, hallingvitsar).




Døme på spørsmål:

1. Pratar du halling?
 - a) Viss ja; Kvifor? Kven trur du har påverka deg til å prate halling? Er det vanskeleg å prate halling?
 - b) Viss nei, Kvifor ikkje? Kven trur du har påverka deg til å prate slik du gjer? Trur du det er vanskeleg å prate halling?
2. Pratar foreldra dine halling?
3. Kor mange vener har du som pratar halling?
4. Kva synest du om hallindialekta?
5. Kva skal til for at du skal byrje å prate halling?

2. Utbreiing av dialektbruk blant familien til einskildelevar

Kanskje vil nokre av elevane finne det interessant å laga slektstre over eigen familie for å sjå kor mange ulike dialektar som finst i eiga slekt. Eller dei kan laga ein oversikt over kor mange i eiga slekt som nyttar hallingdialekt.

Resultatet kan til dømes vere eit fint hefte eller ein stor fin plakat (ypparlege julegåver til nokon i familien).




3. Utviklinga av hallingdialekten dei siste 80 åra

Elevane kan finne ut om det har skjedd noko med dialekten dei siste 80 åra. Ein kan få til dømes ti personar frå kvar av aldersgruppene 80, 50, 30 og 10 år, som alle pratar halling, til å lese opp ein tekst på sin dialekt.

Døme på tekst som opplesarane kan bruke:

Nordavinden og sola

Nordavinden og sola kjekla om kven av dei som var den sterkaste. Då kom det ein mann gåande med ein varm frakk på seg. Dei vart samde om at han som først kunne få mannen til å ta av seg frakken skulle gjelde for sterke enn den andre. Så blåste nordavinden av all si makt, men dess meir han blåste, dess tettare trakk mannen frakken rundt seg, og til sist gav nordavinden opp. Da skein sola fram så godt og varmt, og straks tok mannen av seg frakken. Og så måtte nordavinden innrømme at sola var den sterkaste av dei.



Det er viktig at kvar einskild opplesar gjer teksten om til sin, slik at den reelle dialekten til personen kjem fram.

Elevane kan med fordel gjera lydopptak av personane, slik at ein kan studere grundig for å finne ut om det har skjedd ei utvikling, og evt. om det er eit mønster i utviklinga. Ein kan i tillegg intervjuer personane, for på den måten å få tilleggsopplysningar som kan vera interessante. Lydopptakar blir eit viktig hjelpemiddel i dette arbeidet. Resultat av undersøkinga kan til dømes presenterast i form av diagram (laga i Excel) og framføring av einskilde lydopptak.

Er elevane interessert i å høre korleis *Nordavinden og sola* høyrest ut i andre dialekter, kan dei gå inn på nettadressa http://www.ling.hf.ntnu.no/nos/nos_kart.html. Der kan dei høre same dialektprøver frå heile landet.

På nettadressa
<http://www.dialektxperteren.no/>
kan de finne nytige tips om
lydopptak under kapittel 5:
Bli med på dialektudgad

4. Er det skilnader mellom dialektene i Ål? (Fordjuping)

Ei ekstra utfordring kan vera å forske på skilnadane i ålingsdialekten. Kva er forskjell på dialekten i Torpo og på Sundre? Kva med vatsingane? Har dei ord og seiemåtar som ikkje blir brukt andre stader i kommunen? Eller folk frå Breie? Kvar går grensa mellom dialektvariantane? Kva kan grunnen vera til at grensa går akkurat der; ei elv, ei dalside? Her kan det vera mange interessante problemstillingar å fordjupe seg i. Elevane kan t.d. intervju og ta opp lydprøver av folk frå Torpo, Nordbygdene, Sundre og Breie. Ei slik undersøking kan de leggje ut på nettsida i <http://www.nysgjerrigper.no/>, der elevar kan presentere ulike forskningsprosjekt ("nysgjerrigperprosjekter"). Slike språkundersøkingar vil nok også vera aktuelle å presentere i lokale media.